| **Øygarden brann og redning IKS** | **Styret**<br>Møteprotokoll |
|---|---|

**MEDLEM**

| **Namn** | **Rolle** | **Representerer** | **Merknad** |
|---|---|---|---|
| Per Rune Eikeseth | styreleiar | Sund kommune | Møtt |
| Olav Martin Vik | nestleiar | Øygarden kommune | Møtt |
| Silvia Haugland | medlem | Øygarden kommune | Møtt |
| Nina Glesnes | medlem | Sund kommune | Forfall/ikkje vara |
| Elna Nybakk | medlem | Fjell kommune | Møtt |
| Sveinung Vethe | medlem | Fjell kommune | Møtt |
| Jørgen Kausland | medlem | Tilsette | Møtt |
| Eirik Monssen | observatør | Tilsette | Forfall |

**VARAMEDLEM**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Petter A. Rørvik | varamedlem | Tilsette, møtte for Eirik Monssen | |

**ANDRE**

| | |
|---|---|
| Bjørn Olav Paulsen | brann- og redningssjef |
| Nils Anders Mæland | varabrannsjef |

**Dato:** 10.09.2018

**Tid:** 1500 - 1800

**Stad:** *Kreisen,* Ågotnes brannstasjon

| | | |
|---|---|---|
| Per Rune Eikeseth<br>styreleiar | Olav Martin Vik<br>nestleiar | Elna Nybakk<br>styremedlem |
| Silvia Haugland<br>styremedlem | Jørgen Kausland<br>styremedlem | Sveinung Vethe<br>styremedlem |

| Saker til behandling | |
|---|---|
| | Orienteringssaker |
| S36/2018 | Godkjenning av innkalling og saksliste møte 10.09.2018 |
| S37/2018 | Godkjenning av møteprotokoll 18.06.2018 |
| S38/2018 | Økonomistatus per 31.08.2018 |
| S39/2018 | Presisering av økonomisk fullmakt for dagleg leiar |
| S27/2018 | Lønspolitikk for Øygarden brann og redning IKS |
| S40/2018 | Budsjett 2019 – tilråding |
| S41/2018 | Evaluering av styret for Øygarden brann og redning IKS |
| S42/2018 | Etablering av reservestyrke - prosjektstart |
| | Eventuelt |

| Øygarden brann og redning IKS | | | Møteprotokoll |
|---|---|---|---|
| **Organ** | **Møtedato** | **Saknr.** | **Saksbeh.** |
| Styret | 10.09.2018 | S36/2018 | Bjørn Olav Paulsen |

**Innkalling og saksliste for møte 10.09.2018**

Trykte vedlegg: Ingen

**Saka gjeld godkjenning av innkalling og saksliste for møte 10.09.2018. Brann- og rednings-sjefen rår styringsgruppa til å godkjenne innkalling og saksliste for møte 10.09.2018 slik den ligg føre.**

Brann- og redningssjef gjev følgjande
**Innstilling**
Styret godkjenner innkalling og saksliste slik den ligg føre.

**Vedtak**
Styret godkjenner innkalling og saksliste slik den ligg føre. Samrøystes vedteken

| Øygarden brann og redning IKS | | | Møteprotokoll |
|---|---|---|---|
| **Organ** | **Møtedato** | **Saknr.** | **Saksbeh.** |
| Styret | 10.09.2018 | S37/2018 | Bjørn Olav Paulsen |

**Godkjenning av møteprotokoll frå møte 18.06.2018**

Trykte vedlegg: Møteprotokoll frå møte 18.06.2018

**Saka gjeld godkjenning av møteprotokoll for 18.06.2018. Brann- og redningssjefen rår sty-ringsgruppa til å godkjenne møteprotokollen slik den ligg føre.**

Brann- og redningssjefen gjev følgjande
**Innstilling**
Styret godkjenner møteprotokollen for møte 18.06.2018 slik den ligg føre.

**Vedtak**
Styret godkjenner møteprotokollen for møte 18.06.2018 slik den ligg føre. Samrøystes vedteken

| Øygarden brann og redning IKS | | | Møteprotokoll |
|---|---|---|---|
| **Organ** | **Møtedato** | **Saknr.** | **Saksbeh.** |
| Styret | 10.09.2018 | S38/2018 | Bjørn Olav Paulsen |

**Økonomistatus per 30.08.2018**

Trykte vedlegg: Ingen

**Saka gjeld enkel rapportering om økonomisk status for selskapet.**
**Brann- og redningssjefen rår styret til å ta økonomistatus per 30.08.2018 til orientering.**

Brann- og redningssjefen gjev følgjande
**Innstilling**
Styret tek økonomistatusen per 30.08.2018 til orientering.

**Vedtak**
Styret tek økonomistatusen per 30.08.2018 til orientering. Samrøystes vedteken

| Øygarden brann og redning IKS | | | Møteprotokoll |
|---|---|---|---|
| **Organ** | **Møtedato** | **Saknr.** | **Saksbeh.** |
| Styret | 10.09.2018 | S39/2018 | Bjørn Olav Paulsen |

**Presisering av økonomisk fullmakt**

Trykte vedlegg: Ingen

**Saka gjeld klargjering av økonomisk fullmakt og delegering av mynde for å signere for selskapet. Brann- og redningssjefen rår styret til å vedta innstillinga slik den ligg føre.**

Brann- og redningssjefen gir følgjande
**Innstilling**
Brann- og redningssjefen har full råderett over driftsbudsjettet, og kan også signere for selskapet i investeringssaker etter at styret har behandla ei konkret sak om investeringer.

**Vedtak**
Brann- og redningssjefen har full råderett over driftsbudsjettet, og kan også signere for selskapet i investeringssaker etter at styret har behandla ei konkret sak om investeringer. Samrøystes vedteken

| Øygarden brann og redning IKS | | | Møteprotokoll |
|---|---|---|---|
| **Organ** | **Møtedato** | **Saknr.** | **Saksbeh.** |
| Arbeidsmiljøutvalet | 11.06.2018 | A13/2018 | Nils Anders Mæland |
| Styret | 18.06.2018 | S27/2018 | Bjørn Olav Paulsen |
| Styret | 10.09.2018 | S27/2018 | Som over |

**Lønspolitikk for Øygarden brann- og redning IKS**

Trykte vedlegg: Utkast til Lønspolitikk for Øygarden brann og redning IKS
Referat frå drøftingsmøte 24.08.2018

**Saka gjeld ny lønspolitikk for Øygarden brann og redning IKS. Styret gjorde i sak S04/2018 vedtak om å seie opp lokale avtaler inngått i Øygarden kommune vedkomande Øygarden**

**brannvesen. Samstundes vart administrasjonen beden om å revidere dei lønspolitiske retningslinene for Sotra Brannvern IKS. Ei gruppe har arbeidd med dette og det er utarbeidet eit framlegg til Lønspolitikk for ØBR. Saka var til behandling i styret 18.06, og der fekk Forhandlingsutvalet i oppgåve å gjennomføre eit drøftingsmøte med tillitsvalde, for så å kome attende med konkrete økonomiske forslag for styret. Eit drøftingsmøte vart gjennomført 24.08, og der vart ein samde ei tilråding for styret. Brann- og redningssjefen rår styret til å vedta framlegg til ny Lønspolitikk for ØBR, slik den ligg føre.**

**Oppsummering.**

1. *Pkt. 2.2 Kompensasjon for bæring av elektronisk varslingssystem*
   *Kr 18 000 fom 1.1.2018/1.5.2018*
   *Kr 19 000 fom 1.1.2019*
   *Kr 20 000 fom 1.1.2020*
2. *Pkt. 2.3 Ekstravakter*
   *Den som frivillig påtar seg ekstravakter utover sin faste vaktplan, kompenseres for dette med følgende satser i tillegg til vanlig vaktgodtgjøring med verknad fom 01.10.2018:*
   *25 % tillegg for dagvakt*
   *50 % tillegg for fritidsvakt*
3. *Pkt. 2.7 Beregning av timer ved utrykning*
   *Ved utrykning fra hjemmevakt eller utrykning utenom vakt (SFS 2404 pkt 3.1 og 4.2) skal det minimum beregnes 2 time. Fom 1.10.2018*
4. *Pkt. 5.2.6 Utdanning for deltidsansatte i beredskap*
   *Kompensasjon for faste vikarer:*
   *Faste utrykningsledervikarer skal avlønnes som i sin hovedstilling i beredskapsstyrken, men med et årslønnstillegg på ½ ledertillegg etter SFS 2404.*

Brann- og redningssjefen gir følgjande
**Innstilling**
1. Styret godkjenner forslag til satsar for punkta i kap 2 slik dei kjem fram frå resultatet av drøftingsmøtet mellom Forhandlingsutvalet og tillitsvalde (oppsummeringa), med ein samla estimert effekt i 2018 på opp mot kr 160 000 (inkl. sos. kostn) og tilsvarande for 2019.
2. Styret godkjenner framlegg til Lønspolitikk for Øygarden brann og redning IKS, slik den ligg føre jf. punkt 1.

**Vedtak**
1. Styret godkjenner forslag til satsar for punkta i kap 2 slik dei kjem fram frå resultatet av drøftingsmøtet mellom Forhandlingsutvalet og tillitsvalde (oppsummeringa), med ein samla estimert effekt i 2018 på opp mot kr 160 000 (inkl. sos. kostn) og tilsvarande for 2019.
2. Styret godkjenner framlegg til Lønspolitikk for Øygarden brann og redning IKS, slik den ligg føre jf. punkt 1.

Samrøystes vedteken

| **Øygarden brann og redning IKS** | | | **Møteprotokoll** |
|---|---|---|---|
| **Organ** | **Møtedato** | **Saknr.** | **Saksbeh.** |
| Styret | 10.09.2018 | S40/2018 | Bjørn Olav Paulsen |

**Budsjett 2019 – tilråding**

Trykte vedlegg: Ingen

**Saka gjeld tilråding til driftsbudsjett for 2019. Brann- og redningssjefen har utarbeidd eit framlegg til budsjett for 2019 inkludert alle nye tiltak som er omtalt i branndokumentasjonen for Fjell, Sund og Øygarden kommunar.**

**Branndokumentasjonen vart vedteken av representantskapet 14.11.2017. Etter at styret behandla 1. utkast til driftsbudsjett var brann- og redningssjefen, og nestleiar i styret, i samtale med dei tre rådmenna for eigarkommunane. Brann- og redningssjefen har bedt om innspel frå rådmenna, men ikkje motteke særskilde kommentarar/skriv utover det som er nemnt i saka. Brann- og redningssjefen rår styret til å tilrå framlegg til driftsbudsjett slik det ligg føre.**

**Oppsummering**
Driftsbudsjettet for 2019 fører til ei auke, men ein må merke seg at då er tiltaka med vedteken branndokumentasjon teken med. Ver også merksam på at det er rekna med **halvårsverkand** på kapitalkostnadar, og at nytt høgdereiskap ikkje er inkludert. Ser ein på ein estimert kostnad per innbyggjar vil Fjell, Sund og Øygarden kommune med 2019-tal kome godt ut i ein samanlikning med tilsvarande kommunar i fylket sjølv med 2017-tal. Og då må ein også ta med at dei nye tala for FSØ også inneheld tentative kostandar med VBR.

| **Øygarden brann og redning IKS - 2019** | | |
|---|---|---|
| **Fjell kommune** | | |
| Ordinært driftstilskot | 20 584 000 | 21 104 000 |
| Feiing og tilsyn med fyringsanlegg* | (inkludert i drift kr 3 121 000) | |
| Fondsmidlar Jf. § 24 i selskapsavtalen | kr 520 000 | |
| **Sum Fjell** | | **21 104 000** |
| **Sund kommune** | | |
| Ordinært driftstilskot | 5 968 000 | 6 114 000 |
| Feiing og tilsyn med fyringsanlegg* | (inkludert i drift 878 000) | |
| Fondsmidlar Jf. § 24 i selskapsavtalen | 146 000 | |
| **Sum Sund** | | **6 114 000** |
| **Øygarden kommune** | | |
| Ordinært driftstilskot | 5 968 000 | 6 114 000 |
| Feiing og tilsyn med fyringsanlegg* | (inkludert i drift 878 000) | |
| Fondsmidlar Jf. § 24 i selskapsavtalen | 146 000 | |
| **Sum Øygarden** | | **6 114 000** |

*betyr at tenesta er avgiftsfinansiert

Endeleg budsjett, og fordeling av fondsmidlar, kjem representantskapet tilbake til når eigarkommunane har vedteke sine overføringar til selskapet.

Brann- og redningssjefen gjev følgjande
**Innstilling**
Styret godkjenner framlegg til budsjett for 2019 slik det ligg føre. Framlegget vert sendt til eigarkommunane for å vere ein del av eigarkommunane sin budsjettprosess for 2019.

**Vedtak**
Styret godkjenner framlegg til budsjett for 2019 slik det ligg føre. Framlegget vert sendt til eigarkommunane for å vere ein del av eigarkommunane sin budsjettprosess for 2019. Samrøystes vedteken

| Øygarden brann og redning IKS | | | Møteprotokoll |
|---|---|---|---|
| **Organ** | **Møtedato** | **Saknr.** | **Saksbeh.** |
| Styret | 10.09.2018 | S41/2018 | Bjørn Olav Paulsen |

**Evaluering av styret for Øygarden brann og redning IKS**

Trykte vedlegg: Samla oversikt – eigenevaluering av styret

**Saka gjeld eigenevaluering av styret sitt arbeid. I sak S31/2018 vart prinsippet for eigenevaluering diskutert og vedteke. Denne saka summerer opp svara, som så vert lagt fram utan innstillinga, slik at styret sjølve kan gjere opp status.**

Brann- og redningssjefen gjev følgjande
**Innstilling**
Saka vert lagt fram utan innstilling

**Vedtak**
Styret ber om at det vert laga ei sak der det vert gått gjennom dei punkta der det er sprik i besvarelsane, samt der det er svara «veit ikkje» , og sett dette opp mot for eksempel styreopplæringa/instruksen. Samrøystes vedteken

| Øygarden brann og redning IKS | | | Møteprotokoll |
|---|---|---|---|
| **Organ** | **Møtedato** | **Saknr.** | **Saksbeh.** |
| Styret | 10.09.2018 | S42/2018 | Bjørn Olav Paulsen |

**Etablering av reservestyrke - prosjektstart**

Trykte vedlegg: *Etablering av reservestyrke - refleksjoner*

**Saka gjeld etablering av reservestyrke, og er å sjå på som ein oppstart av eit prosjekt for etableringa. Det vert og vist til vedteken branndokumentasjon. Brann- og redningssjefen rår styret til godkjenne oppstart av arbeide slik det kjem fram i innstillinga**

Brann- og redningssjefen gjev følgjande
**Innstilling**
Styret vedtek å starte arbeidet med å opprette ein reservestyrke. Styret ber brann- og redningssjefen kome attende med ei sak som viser korleis styrken vert oppretta, og dei praktiske og økonomiske følgjer dette gjev.

**Vedtak**
Styret ber brann- og redningssjefen kome attende med ei sak som viser korleis styrken kan opprettast, og dei praktiske og økonomiske følgjer dette gjev. Samrøystes vedteken

**EVENTUELT**

Det er eit ønskje at styret får ei synfaring på stasjonane, og samstundes gjerne sjå på nokre øvingar. Brann og redningssjefen ser på moglegheit for å starta neste styremøte noko seinare med besøk på stasjonane lagt inn før sjølve styremøte tek til.

Brann- og redningssjefen og styreleiar arbeidar med eit besøk hos Ålesund brannvesen KF i løpet av hausten, som eit ledd i førebuinga til endring av Øygarden brann og redning IKS til Øygarden brann og redning KF i 2020.